

Kolberg (gnr. 116)

Kolberg: Namn som kan koma av eit synleg kolfarga berg. Skrivemåten av namnet har vore uvanleg stø og med få avvik.

I dei gamle skrivne kjelder finn vi garden nemnt i Akershus lensrekneskap for 1626-1627. Ein mann ved namn Jon Olsen ”leide da en liden rydning han selv hadde oppryddet, og nu kaldes Kolberig”. Landskylda av bruket vart sett til 2 kalveskinn, og Jon svara 1.bygsla med 2 riksdalar.

Jon Olsen og kona hans må elles ha vore sær driftuge og dugande folk, for alt i 1634 vart landskylda høgda til 4 skinn, og i 1664 til 1 hud. Av manntalet for Kopskatten 1645 går det tydeleg fram at det var Jon som var brukar der også da, for skatten vart betalt av ”Jon Kolberg” for ” 1 Mandfolch och hans hustru” med 18 skilling.

I 1657 hadde det vore brukarskifte på ”Kolberig”, og Alff hadde tatt over drifta. Han hadde da alt ein buskap på 2 hopper, 9 naut, 9 geiter og 9 sauer.

Elleve år seinare kom i 1668 den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det vidare fortalt at Kolberig framleis låg til ”Kongen alene”, så Alff var altså og bygselbonde eller leiglending. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 8 naut, og korntiende vart utreidd med 2 tønner bygg, som altså svara til ei årsavling på 20 tønner. Om garden vart det elles oppgitt at enga, innmarka var god, at det var skog til gards bruk, seter og sommarbeite åt krøtera på Wesmoen (Vismunden) seter, og at garden hadde kvern som det vart svara 8 skilling i kverntoll av. Ein liten humlehage var det og på garden. Men året etter vart det ved vårtinget på Mellem i Faaberg lese eit skjøte som også gjeld Kolberg, og som her er av stor interesse. Dette skjøte har etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

”Mellem i Faaberg 3. mai 1669.

Kaptein Rechuin lot opplese Kongens skjøte til ham på Offren av skyld 1 hud 3 skinn, Bolling 1 hud 1 ½ pd. Fisk, Bjerke 1 hud, Kolberg 1 hud, Simenrud 1 hud 1 ½ pd. Fisk, Jørstad 1 ½ hud 2 pd. 6 mrk. fisk, Mellem 2 huder 5 skind 3 ½ pd. fisk, Jørstad 1 hud 1 ½ pd. fisk. Sjeggstad (Skikstad) ½ hud 18 mrk fisk, Smeedstad 1 hud, Disserud 9 skind, Søndre Kalstad 2 huder, Myre 2 huder, samt flere gårder i Fron og Våge.”

Vidare tek vi så med dette testamentet i utskrift av den 24. Oktober 1682:

”4. Okt. 1682.

Hr. oberstl. Rechwin lot opplese et testamente mellem hans frue Catterine Sverdrup og hans tre sønner Otto, Niclas Christian og Hans Hendrich ang. gårdene Vingnes, Lillehammer, Bollung og Colberg. Hans forrige værmoder som for sin livstid skulde ha grd. Vingnes. får isteden Gjørstad. Dat 23. juni 1682.”

Av same året er og ei merkeleg sak som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Lillehammer 23. okt.1682.

Joen Gulbrandsen stevnes for noen ord han skal ha sagt om en hest som ble skutt i hjel for Svend Colberg i Christopher Bollings sætermark. Innstevnte møtte ikke og befinnes derfor å bøte 1 mrk. sølv.”

I 1715 hadde Sifver Torchelsen Kolberg kjøpt grd. Kolberg av skyld 1 hud av Jomfru Sophie Rechvin, og dette var attestert av ”henes kurator hr. oberst Brochenhuus”, som i den tid budde på Røyne i Vingrom. Samtidig lånte og Syver Torkelsen 100 rd. av jomfru Sophia Rechvin mot pant i Kolberg.

Syver Torkelsen var framleis eigar og brukar av Kolberg i året 1723. Det og meir til går tydeleg fram av matrikkelframlegget nett frå det året. Der er det om garden Kolberg vidare fortalt at han ligg i sollia, men det er oppgitt at den var tungbrukt og at jordarten der var ”noget Kollent”. Buskapen var da 2 hestar 12 naut og 25 småkrøter, og den årlege utsæden av korn var kring 4 tønner. Same året lånte og Syver Kolberg 100 rd. av Erich Nielsen Bjercke. Pengane eller ein del av dei skulle truleg nyttast til nybygging ell. restaurering av husa. Renta for lånet var elles høg, 5% i årleg rente.

Sju år seinare var det ein strid mellom grannane Syver Kolberg og Christen Nørstelien om eit ”nøster” som stod på Kolbergs grunn, men som citanten Christen Nørstelien eide halvparten i. Partane vart da forlikte slik at Syver Kolberg skulle betale citanten 2 rd. for hans part i nøsteret, og saka vart dermed oppheva.

To år seinare skjøta i 1732 Syver Torkelsen Kolberg ættegarden til sonen Endre Syversen for kjøpesum 240 rd. Av ei sak frå 1740 går det elles fram at Endre hadde ein eldre bror Torkild, som meinte å kunne ta att grd. Kolberg med sin odelsrett, Men saka vart avvist av retten fordi garden var så nyleg ”utkommen fra Kongen ” at ingen hadde odelsrett til Kolberg enda.

Frå denne tid merker ein seg elles at da Morten Olsen Kolbergstuen i 1742 var død, og det var skifte etter han, så vart og dette skiftet helde på ”Kolbe i Faaberg”. Truleg var det ordna slik fordi Morten hadde stor slekt og truleg mange av slektningane var tilstades ved skiftet.- Morten Kolbergstuen hadde såleis både fullsøsken og halvsøsken. Fullsøskena som var med ved skiftet var: a. fullbroren Engebret Brenden, som da var 55 år, b. fullsøstera Sidsel som var enke etter Alf Halvorsen. Halvsøskena til Morten Kolbergstuen var vidare: c. halvbroren Lars Engebretsen Sørhåven, 76 år, d. halvbroren Ole Ellingsberg, 65 år, halvsøstera Kari, 76 år og e. halvsøstera Anne, som var gift med P. Hauknes.

Her på plassen Kolbergstuen i Fåberg var det i 1749 eit ”Åstedstingsvidne”, som etter utskrift er bokført slik:

”Pl Kolbergstuen i Fåberg 20. Novb. 1749.

Åstedstingsvidne.

Sognepresten i Ringsaker hr. Christopher Ancher har innstevnt grd. Sørhovens besiddere, Peder, Erich, Ole, og Lars samt Thomas Bjørstad som skal være medeier i Sørhoven, til å høre vidner ang. Ringsaker Prestegaards lagesildvarp Waaløen og dets circumference, samt hva inngrep deri av Sørhovens beboere er skedd.

Etter at begge parters vidner var avhørt, fremholdt citantens sakfører Andersen, at da citanten ved de førte vidner er blitt underrettet om både hvorvidt Ringsaker sogns fiskested Wåløen strekker sig og at det fra gl.tid har vært brukt uten hinder, av alle som Presten på Ringsaker dertil har bestilt inntil Sørhovens besiddere for noen år siden har foretatt lagesildfiske mellem Waaløen og Sandvarpet som ligger ovenfor, hvorved fisket i Waaløen er prejudiceret, så vil hr. Ancher have Sørhovens besiddere betydet at de herefter av holder sig fra å tilføye fiskeriet i Waaløen nogen slags prejudice. Han forbeholder sig i allfall sin lovlige rett.”

Endre Syversen Kolberg var framleis eigar av Kolberg i 1756. Han fekk da tingsvitnemål for at det natta mellom den 15. og 16. mars sistl. hadde vore ”vådeild paa Kolberg, og at hans vaaningshus med klær og inventar var lagt i aske”. Ole Kasterud og Christen Sønsteli bekrefta at dette var tilfelle. Etter dette lånte Endre Kolstad straks etter 120 rd. av Ole Olsen Mønningen. Pengane skulle sikkert brukast til bygging av nytt våningshus og kanskje restaurering av husa elles.

Fem år seinare gav i 1761 Endre Kolberg skjøte til Ole Ellefsen Kasterud og arvingar på ”hans eiende gaard Kolberg skyldende 1 hud for 400 rd.” Men mot dette skjøte protesterte Ole Torgersrud. Om dette vart det så ein bitter strid som endte med at Endre Syversen tok att Kolberg og i 1772 gav skjøte til versonen Jacob Olsen for sum 718 rd. og føderåd- - To år etter det att gav Jacob Olsen skjøte til Syver Nilsen på halve grd. Kolberg, ½ hud, for 380 rd.

Av 1784 er ei tinglyst kontrakt om opprydding av eit nytt lågåsildvarp. Kontrakten har elles etter utskrift denne ordlyden:

”Kontrakt dat. 5. Oktbr. 1784 tgl. 8. Oktbr. s.å.

Peder Olsen Lier og Lars Michelsen Snikkerstuen har opryddet et lagesild fiske eller såkaldet fiskevarp ved Laugen Damstu Odden kaldet. Av dette varp skal de to førstnevnte bruke 2/3 og de sistnevnte 1/3 del, og for denne overdragelse svarer de 1/5 del av den fisk de tar til Kolbergs oppsiddere. Arbeidet på fiskevarpet påligger det enhver av dem efter deres del å istandsette”.

Etter atter fire år var det i 1788 Jacob Olsen som åtte heile Kolberg att. Han hadde da lånt 300 rd. av Halvor Sønsteli og 400 rd. av Niels Olsen Bjerche tilsm. 700 rd. mot 1.pr. pant i grd Kolberg, skyld 1 hud.

Ei sak av 1794 om fleire ulike ting av interesse har etter utskrift denne ordlyden:

”Fåberg 17, febr. 1794.

Lagrettet og almuen svarte på fogdens forespørsler bl.a.: at her på de upriviligerte sager ikke skjæres annet enn randkantede bord til fornødenhet. At følgende sager er så ruinerede at der i avvikte år intet er skåret: Collebergs sag, Simenruds, Rustadens, Langsets, Liens og Haugers sag. På spørsmålet om der her i sognet finnes jordbrukere som bruker mer enn en gard blev oppgitt, at enken Mari Andresdtr. bor på øvre Jørstad og til like bruker Øvstedal, men med de samme folk som på hovedgården. I bygden finnes ikke andre bevilgede landkrennere enn mad. Calmeier. Hun driver handel ved hjelp av Iver Lysgaard. Lensmannen Iver Flifleth bebor sin gård Smestad av skyld 4 ½ hud.”

Jacob Olsen var framleis brukar av Kolberg i 1799. Han ordna da med avlysing av obl. på 300 rd. til Halvor Sønsteli utstedt 14. Juni 1788. To år seinare kom i 1801 påbødet om folketelling, og det budde da 3 familiar på og/eller ved Kolberg. Det var:

1. familie: 1. Jacob Olsen, husbonden, 53 år, 2. Anne Endresdtr., kona hans, 60 år. 3. Ole Jacobsen, son deres, 22 år, 4. Kari Jacobsdtr., dotter deres, 20 år, 5. Ingeborg Jensdtr., føderådskone 79 år, 6. Sophie Endresdtr., hushjelp, 49 år, 7. Christian Christiansen, sonen hennar, 6 år. 8. Sidsill Endresdtr., vanfør ”nyder Lægð”, 58 år. 9. Lars Andersen, nasjonal soldat, og snekker.
2. Familie: 1. Engebret Nielsen, husmann med jord, 57 år, 2. Karen Olsdtr., kona hans, 56 år, 3. Anne Engebretsdtr., dotter deres, 15 år.

3. Familie: 1. Poul Andersen, nasjonal soldat og husmann med jord, 31 år, 2. Anne Larsdtr., kona hans 23 år, 3. Jøa Poulsdtr., mor til mannen, ”Blind og nyder Almisse av Sognet”, 72 år.

Same året, altså i 1801, skjøta Jacob Olsen garden Kolberg til sonen Ole Jacobsen for kjøpesum 680 rd. Jacob var elles framleis med og ordna med det som galdt garden og gardsbruket, såleis også med ein grensestrid med saksumsdølene i denne tid. Meir detaljert er saka i utskrift av tingboka framstelt slik:

”Vedr. sameien på Kjølén mellem Saksumdalen og Bygdeværingerne

Kommisjonsforlik Dat. 1803, septbr. 1. Tgl. 1808.

Amund Traaset og Jacob Kolberg m.fl. og som ”grænser til sameien på Kjølén imellem Saxumdalen og Bygdeværingerne, indkaldet Bendt Hofland fordi han har gaet dem til Fornærmelse over de gamle Grændser med Tømmerhugst i nærværende Sommer, ligeledes med Havnegang”. Partene sluttet forlik, hvorved grensene blev bestemte.”

Ole Jacobsen **Kolberg** som da hadde overtatt drifta av garden gifta seg i 1806 med Christence Olsdtr. Øfstedal, og dei fekk fire born. Det var: 1. Johan f. 1814, 2. Ole f. 1816, 3. Amund f. 1819, 4. Christine f. 1822.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om grd. Kolberg fortalt at buskapen av store husdyr da var 3 hestar og 16 naut, og den årlege kornavlinga vart oppgitt til kring 56 tønner. Det er vidare opplyst at Kolberg da hadde 3 husmannsplassar.

Ole Jacobsen var og brukar av garden i 1839. Gardane fekk da ny matrikkelskyld oppgitt i skylddalar, ort og skilling, og den nye skylda på Kolberg vart sett til 6 skylddalar 1 ort og 8 skilling, som var nett det same som grannegarden Nørsteli vart skyldlagt for. - Ole Jacobsen brukte elles garden sjølv enda i mange år. Men i 1862 skjøta han Kolberg til eldste sonen, Johan Olsen, for kjøpesum 800 spd. Og eit føderåd verdsett til 400 spd. Og dessuten for lausøyre og avling 200 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det vidare fortalt om Kolberg at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 227 mål, og av dette var 75 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og opplyst at husdyrhaldet på Kolberg med husmannsplassar i den tid var 3 hestar, 18 storfe og 22 småfe, og den årlege utsæden utgjorde kring 13 tønner korn og ca. 11 tn. settepoteter.

I 1870-åra var det fleire skylddelingsforretningar på Kolberg. I 1873 vart såleis eit skogstykke av seterskogen i Auggelia fråskilt garden som eit bruksnr. 2 og selt til skogspekulantane Jakob Woxen og Mathias Gustum for kjøpesum 100 spd. Fire år seinare vart i 1877 eit åker- og engeland kalla øvre Kolberg fråskilt og selt av Johan Olsen Kolberg til Amund Olsen Kolberg for sum kr. 2 000.-. Ein merker seg her at ved handelen i 1873 vart handelen avrekna i spd., men ved handelen i 1877 i kroner. Vidare vart ved skylddelingsforretning i 1878 plassen Jørud fråskilt grd. Kolberg og ved skjøpte av Johan Kolberg selt til Rasmus Jørud for kjøpesum kr. 4 400,-. Rasmus Jørud selde elles bruket Jørud straks vidare til sonen Johan Rasmussen for sum kr. 1 600,- og eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1 400,-.

Vidare var det i 1879 utskifting av Sveseter sameigeskog, og av så same året er og ei erklæring om ”at afstaa fri Grund til hovedveien mellem Vingnæs og Storebroen”.

År 1886 kom den lenge forebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Kolberg i Fåberg fekk da gardsnr. 116, av samla skyld 10,66 mark, og det var alt da 4 bruksnr. under gardsnr. 116 Kolberg. Det var: a. Grn. Brn. 1 Kolberg av skyld 8,07 mark, som altså Johan Olsen var eigar og brukar av, b. brn. 2 Skog i Uggelien, skyld 0,53 mark, som Jacob Woxen og Mathias Gustum framleis atte, c. brn. 3 Kolberg øvre (Valdres), skyld 0,72, som altså Amund Olsen var eigar av, d. brn. 4 Jorud, skyld 1,34, med Johan Rasmussen som eigar og brukar.

Tre år seinare hadde Jacob Woxen og Mathias Gustum gått konkurs, og skogane i buet vart ved tvangsauksjon den 29. septbr. 1889 overtat av Gustumskogenes Interessentskab. Vidare er av 1895 ei viktig tinglyst fullmakt frå arvingane i buet etter Johan Olsen Kolberg og hustru til kjøpmann O. Kolberg og gardbrukar Peder J. Sørlien om å utstede skjøte til Ole Johannessen Sæter for kjøpesum kr. 13 650,-.

Bruket Kolberg øvre, brn. 3, var i 1877 vorte selt av Johan Olsen Kolberg til Amund Olsen Kolberg for kr. 2 000,-. Men i 1893 gav arvingane etter Amund Olsen fullmakt til Iver A. Traaset til å selga Kolberg øvre på deira vegne, og ved skjøte av 1895 kjøpte så Ole Sæter også dette bruksnr., brn. 3, av Kolberg. Men to år seinare gav så Ole Sæter skjøte til Herman Evensen Josveen på brn. 3 Kolberg øvre, også kalla Valdres, for kjøpesum kr. 2 500,-. Etter dette budde det ved kommunevalet i 1901 i alt 7 personar med røysterett på og/eller ved Kolberg. Det var: 1. gardbr. Ole J. Sæter, 51 år; 2. husmor Kristine Olsdr. Sæter, 39 år; 3. Sjølveigar Johan R. Jørud, 57 år; 4. husmor Syverine Johansdr. Jørud, 51 år; 5. husmann Simen Engebretsen, 73 år; 6. Andreas Simensen, son av husmannen, 26 år, Dessuten var det på øvre Kolberg personar med røysterett. Det var 1. gardbr. Herman Josveen, 44 år; 2. husmor Anne Olsdr. Josveen, 44 år; 3. innerst Iver Pedersen, 72 år.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at brn. 2 Skog i Uggelien var overtatt av Gustumskogenes Interessentskab, og eit nytt bruksnr., nr. 5 Slotsveen da var overtatt av Simen og Andreas Simensen.

Av handlar i nyare tid med Kolberg ell. parsellar av garden tek vi elles med at visstnok i 1934 kjøpte Andreas Slotsveen grn. 116., brn. 6 Kolbergstueløkken av skyld 0,14 mark, og Sigurd Slotsveen kjøpte brn. 7. Sørum ved Kolberg.

Ved jordbruksregistreringa i 1938 var det etter dette 4 bruksnummer med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 116, brn. 1 Kolberg med eit jordbruksareal på ca. 95 mål, som Ivar Sether da var eigar og brukar av; b. brn. 3 Øvre Kolberg, areal ca. 28 mål, eigar og brukar Trygve Ellingsberg; c. brn. 4 Jørud, areal ca. 22 mål, eigar og brukar Rasmus Jørud; d. brn. 5 Slåtsveen, areal ca. 16 mål, eigar og brukar Andreas Slåtsveen.